



Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8067-60

## Val av styremedlemar i Fjord1 AS

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Saka vert fremja utan tilråding.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

#### Vedlegg:

Pressemelding frå Fjord1 AS.

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Aksjonæravtale om Fjord1 AS mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS 1. juni 2015 (Ikkje offentleg OfI § 23, 4. ledd, eigardokument).

Aksjonæravtale om F1 Holding AS mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Torghatten ASA (Ikkje offentleg OfI § 23, 4. ledd, eigardokument).

## SAKSFRAMLEGG

### 1. Bakgrunn for saka

#### Grunnen for at saka er fremja

I ei pressemelding 26.11.15 varsla dei fire aksjonærvalde styremedlemene i Fjord1 AS, som er oppnemnde frå Sogn og Fjordane fylkeskommune at dei vil trekke seg. Samstundes trekte ein av dei aksjonærvalde frå Havilafjord seg.

Adm. direktør har i tillegg varsla sin avgang frå 31.12.15.

Av omsyn til selskapet sine interesser har fylkesordføraren, som eigarrepresentant for F1 Holding AS, fått Fjord1 AS til å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling 7.12.15, kl. 15.00. Her vil det vere lagt til rette for at ein kan velje nye styremedlemar til erstatning for dei som no trekkjer seg.

#### Historikk - tidlegare vedtak

I møte i FU 4.11.15 vart val av fylkeskommunen sine representantar til styret i Fjord1 AS utsett. I FU-møte 27.11.15 vedtok ein å handsame nyval 7.12.15 og å be om ekstraordinær generalforsamling i Fjord1 AS same dag.

Styret har i dag desse aksjonærvalde medlemmene oppnemnt av fylkeskommunen:

- Reidar Sandal, styreleiar
- Heidi Kathrin Osland, styremedlem
- Nils R. Sandal, styremedlem
- Lars Birkeland, styremedlem

Og med varamedlem:

- Arve Helle
- Jan Magne Herstad
- Klaus Arne Iversen
- Bjørn Erik Hollevik

#### Sentrale problemstillingar

Det er F1 Holding AS som eig aksjane i Fjord1 AS. Etter vedtektene er det fylkesordføraren som er eigarrepresentant på generalforsamlinga i Fjord1 AS.

Aksjonæravtalen mellom Havilafjord og F1 Holding regulerer samansettinga av styret og kven som skal ha styreleiar.

Når salet til Torghatten er på plass, vil val av fylkeskommunen sine aksjonærvalde medlemmar skje i samsvar med den vedtekte aksjonæravtalen i F1 Holding AS mellom fylkeskommunen og Torghatten ASA.

#### Andre opplysningar

Saka vert – som vanleg i valsaker – lagt fram utan tilråding.

Eg vel likevel, i forståing med fylkesutvalet 27.11.15 og pga. den spesielle situasjonen selskapet no er i, å presentere to kandidatar som FU vil kunne velje som nye aksjonærvalde medlemmar:

Namn	Noverande stilling	Kompetanse	E-post/tlf.	Alder
Jan Øhlckers Årdal	Daglig leder, Vidsyn rådgivning as Styret i F1 Holding as <a href="http://vidsyn.as/">http://vidsyn.as/</a>	Offentlig sektor Siv. øk Tidl.: Fylkesrådmann, Rådmann	<a href="mailto:jan@vidsyn.as">jan@vidsyn.as</a> 415 30 963	Mann 69
Vidar Grønnevik Florø	Dagleg leiar, Vili Acra AS	Finans Styre (leiing) Siv. øk. Tidl.: Adm. dir. INC Invest AS	<a href="mailto:vidar@vili.no">vidar@vili.no</a> 905 44 118	Mann 58

Begge er spurde og begge har sagt seg villege. Jan Øhlckers har sagt seg villeg til å ta på seg funksjonen som styreleiar.

Det er ikkje lagt til rette for nye personlege vararepresentantar, då ingen av dei som sit har bedt om avløysing.

Fylkesrådmannen vil heilt generelt, og særleg basert på innspel og synspunkt han fått, tillate seg å uttrykke følgjande:

- I dagens situasjon er det avgjerande viktig å få på plass eit nytt styre, så raskt som mogleg. Det vil ikkje vere forsvarleg å utsetje denne avgjerda. Ein bør samtidig leggje stor vekt på å fine fram til kandidatar som er innforstått med å arbeide ut frå den situasjonen selskapet no er i.
- Det er viktig at vi skil klårt mellom det å få på plass eit nytt og godt fungerande styre og dei andre utfordringane som knyter seg til debatten før, under og etter FT sitt vedtak 23.11.15. Eg tenkjer då først og fremst på utfordringane knytt til forkjopsretten, den ev. lovlegkontrollen og Konkurransetilsynet si oppgåve. Desse «sakene» vil gå sin gang, men selskapet må – uansett – ha eit velfungerande styre.

Pr. dato fungerer i realiteten nestleiar i styret (Vegard Sævik) som styreleiar.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Rettslege konsekvensar

Den rettslege situasjonen når ein medlem av eit styre vil trekkje seg frå sine verv går fram av aksjelova § 6-7 (2). Denne lyd:

*"Et styremedlem har rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute dersom særlig grunn foreligger. Styret og den som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel."*

Fylkesrådmannen tek ikkje stilling til om vilkåret "særleg grunn" her er oppfylt. Medlemane sit til dei får avløyning.

Kommunelova §§ 36-38, § 80 a og likestillingslova § 21 gjeld ikkje når vår eigarskap er på 59 % og selskapet driv reint kommersielt.

### **4. Konklusjon**

Saka vert lagt fram utan tilråding. Fylkesrådmannen vil likevel peike på dei to namna som ligg i saka.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)